

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 23.11.2015
Møtestad: Bremanger kommunehus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Revisor i sak 35

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
033/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/15	Skriv og meldingar
035/15	Opplæring av nytt kontrollutval
036/15	Møteplan 2016
037/15	Oppfølgingsliste og merknader 6 - 2015

Med helsing

Nils Jørgen Sagebø
Leiar

Utsending av saklista

Saklista vert sendt pr post til alle medlemar og varamedlemar. Vi sender også pr e-post. Skulle det vere nokon som ikkje får e-post, er det fint om de gir tilbakemelding til ah@sekom.no om dette, slik at vi har rette adresser framover!

Helsing
Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 23.11.2015	Saksnr 033/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/484
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 23.11.2015	Saksnr 034/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/485
---	----------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	02.10.2015	Val av kontrollutval Bremanger	15/1603
2	28.08.2015	Revisjonsuttale: Mva-kostnader Svelgen Samfunnshus	15/1411

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval
Kommunestyret

Behandlingsdato
01.10.2015

Saksnr.
038/15

Sakshands.
HJM

Avgjerd av: Saksansv.: Hilde Jenssen Midtbø	Arkiv: K1-033	Arkivsaknr.: 15/2448
--	-------------------------	--------------------------------

Val av kontrollutval

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
109595	Val av kontrollutval

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

01.10.2015 Kommunestyret

Felles framlegg frå Ap,V, Sp ,H ,Sv; Krf

1. Nils Jørgen Sagebø (leiar)
2. Rakel Rise Hallset (Nestleiar)
3. Frank Midtbø
4. Brtitt Domben Mulelid
5. Harry Gulestøl

Vara i rekkjefølgje:

1. Øyvind Nesje
2. Joar Årøen
3. Anne Sofie Igland
4. Øyvind Heimtun
5. Sigrid Solheim

KST-038/15 Vedtak:

Samrøystes

1. Nils Jørgen Sagebø (leiar)
2. Rakel Rise Hallset (Nestleiar)
3. Frank Midtbø
4. Brtitt Domben Mulelid
5. Harry Gulestøl

Vara i rekkjefølgje:

1. Øyvind Nesje
2. Joar Årøen
3. Anne Sofie Igland
4. Øyvind Heimtun
5. Sigrid Solheim

....

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Saka gjeld:

Val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019

Saksopplysningar:

I tråd med kommunelova , § 17 nr. 2 (og nr. 3).

« Minst eitt av medlemmene i kontrollutvalet skal være medlem av kommunestyret eller fylkestinget. Kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande møtet, etter val av formannskap, ordfører og varaordfører.

Det skal veljast 5 medlemmar med varamedlemmar .

Blant dei valde representantane skal det veljast leiar og nestleiar til utvalet.

Kommunelova § 77 nr. 2 viser kven som ikkje kan veljast inn i Kontrollutvalet:

"2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité og fylkestingskomité etter § 10 a og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen."

Videre er det i § 14 nr. 1 b sagt dette om kven som er utelukka til å kunne veljast inn i kontrollutvalget:

«b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er

likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbare.»

Bremanger kontrollutval har i dag 5 medlemmar, og 5 varamedlemmar i nummerert fellesliste. Dette etter vedtak gjort i kst sak 009/12: Godkjenning av reglement for kontrollutvalet

Felles varaliste, har gjort utvalet mindre sårbart ved forfall, enn det dei var ved at medlemmane hadde personlege vara.

5. VAL AV KONTROLLUTVAL

5.1 Aktuelle lovreglar

Etter kommunelova § 77 nr. 1 vel kommunestyret/fylkestinget sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret/fylkestinget har det *løpande tilsynet* med forvaltninga i kommunen/fylkeskommunen. Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i forskrift om kontrollutval, fastsett av departementet 15. juni 2004.

Etter § 2 i forskrifta skal kontrollutvalet ha minst tre medlemmer. Minst ein av medlemmene i utvalet skal veljast mellom medlemmene av kommunestyret/fylkestinget. Kommunestyret/fylkestinget vel medlemmer og varamedlemmer til utvalet, og leiar og nestleiar mellom medlemmene.

Kommunestyret/fylkestinget kan når som helst halde nyval av medlemmene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 3. I motsetnad til det som gjeld for faste utval, jf. lova § 10 nr. 6, kan kommunestyret/fylkestinget ikkje vedta å legge ned kontrollutvalet i valperioden. Møta i kontrollutvalet skal som hovudregel haldast for opne dører til liks med andre folkevalde organ, jf. pkt. 5.5 nedanfor.

5.2 Valtidspunkt

Kommunelova § 17 nr 2 tredje punktum blei endra ved lov av 8. februar 2013, og fastset no at kontrollutvalet skal veljast i det konstituerande møtet, etter val av formannskap/ordførar, men før ein vel andre folkevalde organ. Regelen blei endra for å sikre at kravet om minst ein medlem av kommunestyret i kontrollutvalet bli oppfylt.

Bakgrunnen for lovendringa

Erfaring frå konstitueringa etter valet i 2007 viste at nokre kommunar hadde problem med å oppfylle kravet i kommunelova § 77 om at minst ein medlem av kommunestyret skal vere med i kontrollutvalet. Årsaka til dette var m.a. at kommunestyret valde kontrollutvalet etter at dei hadde valgt nemnder og utval, og at alle kommunestyrrerepresentane var "brukt opp" som medlem av desse organa. Kommunestyra ynskte ikkje å gjere om på dei vala som var gjort. Dette førte til at fylkesmannen i nokre tilfelle måtte erklære vala av kontrollutval ulovleg.

Arbeidsgruppa som departementet sette ned for å føreslå tiltak som kan styrkje eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar tok i sin rapport "*85 tilrådingar for styrka eigenkontroll i kommunane*" opp spørsmålet om når kontrollutvalet bør veljast. Arbeidsgruppa sa: "*For at ein skal sikre rett samansetjing av kontrollutvalet og andre folkevalde organ, bør kontrollutvalet veljast før andre utval og nemnder.*" og tilrår: "*Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.*"

I Prop. 119 L (2011 – 2012) Endringar i kommunelova m.m (eigenkontroll m.v.) følgde departementet opp framlegga frå arbeidsgruppa, noko som fekk støtte i Stortinget.

Endringa i § 17 nr. 3 inneber at kontrollutvalet skal tre i funksjon frå det konstituerande møtet.

5.3 Kven er utelukka?

Kven som er utelukka frå val til kontrollutvalet, går fram av § 14 og § 77 nr. 2 i kommunelova. Dei vanlege reglane om kven som er utelukka frå val, gjeld òg for val til kontrollutvalet. Dette omfattar følgjande grupper:

- Fylkesmannen og assisterande fylkesmann
- Administrasjonssjefen i kommunen/fylkeskommunen og assisterande administrasjonssjef
- Sekretæren for kommunestyret/fylkestinget
- Leiar av forvaltningsgrein i kommunen/fylkeskommunen
- Den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen/fylkeskommunen
- Den som foretar revisjon for kommunen/fylkeskommunen

Vi viser elles til det som er sagt under punkt om val til faste utval nedanfor.

Etter § 77 nr. 2 er dessutan følgjande personar i tillegg utelukka frå val til *kontrollutvalet*:

- Ordførar/fylkesordførar og varaordførar
- Medlem og varamedlem av formannskapet/fylkesutvalet
- Medlem og varamedlem av kommunal/fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde
- Medlem av kommuneråd/fylkesråd i kommunar og fylkeskommunar med parlamentarisk styreform. Dei tilsette i sekretariatet til rådet er heller ikkje valbare, dersom dei har fått mynde delegert frå rådet
- Medlem og varamedlem av kommunestyrekomite og fylkestingskomite etter § 10 a (Ikraft frå 1. november 2015)
- Tilsette i kommunen/fylkeskommunen

Når det gjeld den sistnemnde gruppa har departementet fått spørsmål om det gjeld ei nedre grense for dei som er tilsette i ein stillingsbrøk i kommunen, slik at dei likevel kan veljast inn i kontrollutvalet. Departementet si haldning er at det ikkje finst ei slik grense. Dei som har eit tilsettingsforhold til kommunen/fylkeskommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet, same kor liten stillingsbrøk det er tale om. Bakgrunnen for dette standpunktet er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemmene skal vere 100 prosent uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemmer av kontrolutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller etaten/verksemda der dei er tilsette.

5.4 Kan eit fleirtal i kommunestyret/fylkestinget fastsetje kven som skal vere mindretalet sin representant i utvalet?

Fire stortingsrepresentantar fremja i Dok. 8:4 (2008–2009) framlegg om å styrke mindretalsrettar i kommunale og fylkeskommunale kontrollutval. Mellom anna vart det fremja følgjande: *"Stortinget ber Regjeringen om å endre kommuneloven slik at et flertall i et kommunestyre ikke kan plassere et partis eneste representant i kontrollutvalget mot denne representantens vilje."*

Stortinget handsama framlegga våren 2009. Framlegget om å endre kommunelova fekk ikkje støtte frå fleirtalet i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 192 (2008–2009) frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomite.

Departementet har følgjande kommentarar til denne problemstillinga:

Dersom eit parti, A, berre har ein representant, X, i kommunestyret, og fleirtalet vil velje X inn i kontrollutvalet mot hans/hennar vilje, kan X krevje forholdstalsval, jf. kommunelova § 35 nr. 4. Valet må då gå føre seg på den måten kommunelova § 36 føreskriv. Dersom parti A

lét vere å levere inn listeframlegg, kan X ikkje veljast inn kontrollutvalet, jf. kommunelova § 36 nr. 1 siste punktum.

5.5 Opne møte i kontrollutvalet

Kommunelova § 77 nr. 8 fastsette tidlegare at møte i kontrollutvalet skulle haldast for lukka dører dersom ikkje utvalet sjølv hadde bestemt noko anna.

Føresegna blei oppheva ved lov av 8. februar 2013. Lovendringa trådte i kraft 1. juli 2013. Dette inneber at reglane om opne møte i folkevalde organ i mellom anna kommunelova §§ 31–31a vil gjelde for kontrollutvalet. Vi viser til det som er sagt om desse føresegnene i kapittel 10 nedanfor.

Kontrollomsyn som grunnlag for å lukke møte i kontrollutvalet?

I samband med framlegget om å oppheve § 77 nr. 8 (Prop.119 L (2011 – 2012)) drøfta departementet om det var behov for å innføre kontrollomsyn som særskilt grunnlag for å kunne lukke møta i kontrollutvalet. Bakgrunnen var at nokre høyringsinstansar – i samband med høyringa om lovframlegget – meinte at høvet til å drive kontrollarbeid ville bli svekka dersom møta skulle gå for opne dører.

Departementet uttalte:

”Kontrollutvalet vil alltid ha plikt til å lukke møte når det ligg føre lovbestemt teieplikt, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve for ein arbeidstakar. I tillegg kjem dei sakene der kommunelova § 31 gjev høve til å lukke møte på grunnlag av personvern og tungtvegande offentlege interesser. Heimelen til å lukke møte i desse sakene gjev kontrollutvalet framleis høve til å diskutere ulike typar saker bak lukka dører. At fleire kontrollutval allereie i dag praktiserer ei ordning med opne møte, illustrerer at det neppe er behov for ei lovføresegn som gjev kontrollutvala høve til å halde alle møte lukka.

Departementet meiner at ei føresegn som gjev heimel til å lukke møte av kontrollomsyn eller liknande, ikkje vil vere føremålstenleg. Dei aller fleste saker kontrollutvalet handsamar, vil ha kontrollmessige sider. Ei føresegn om til dømes ”kontrollomsyn” vil kunne bli svært vidtgåande og dermed undergrave ein hovudregel om opne møte.

Handsaminga av rapportar i samband med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil nok for dei fleste kontrollutval utgjere hovuddelen av saksporteføljen. Departementet har vurdert om det er sider ved desse sakene som gjer at det på generelt grunnlag bør vere høve til å lukke møtet under handsaminga i kontrollutvalet. Vurderinga til departementet er at desse sakene på generelt grunnlag neppe inneheld opplysningar som tilseier at handsaminga bør skje bak lukka dører. Departementet kan heller ikkje sjå at det ligg føre andre omsyn som tilseier at utvalet bør ha fleire unntaksheimlar enn dei som ligg i kommunelova § 31.” (Proposisjonen side 9)

Lotteri og Stiftelsestilsynet
Postboks 800

Kopi: Svelgen Samfunnshus

6805 FØRDE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\momskompSvelgensamfhus14	216	039 / 2015 (brem)	24. aug. 2015

REVISJONSUTTALE – SØKNAD OM MOMSKOMPENSASJON FOR MVA-KOSTNADER – SVELGEN SAMFUNNSHUS, Org.nr. 995 378 442, 1438 Bremanger

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala med Dykk og som er lista opp nedanfor vedkomande *Svelgen Samfunnshus* sin søknad om kompensasjon for meirverdiavgift for frivillige organisasjonar i hht ”Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar”, i medhald av Stortinget sitt budsjettvedtak. Søknadsgrunnlaget er basert på rekneskapen for Svelgen Samfunnshus for 2014.

Sum betalt moms, kompensasjonsberettiga for 2014, i hht framlagt rekneskap driftsåret 2014, kr. 73.274,-. I transaksjonsliste førelagt oss er sum moms oppgjeve til kr. 73.989,-. Etter vår oppfatning skal moms knytta til ungdomsklubben, som framleis er fast leigegar, trekkast ifrå. Betalt meirverdiavgift her utgjer kr. 715,-, som i vår uttale her er trekt ifrå, slik at total søknadssum, og momskompensasjonsberettiga beløp utgjer kr. 73.274,-. Søkjar er orientert og inforstått med dette og søknadsdokumentet («Transaksjonsliste oppsummering») vert korrigert tilsvarende ved innsending av søknaden; jfr.brev frå Svelgen Samfunnshus, d. 17.08.2015.

Vårt oppdrag er utført i samsvar med *ISRS 4400 ”Avtala kontrollhandlingar”*. Handlingane er utført kun for å bistå Dykk i vurderinga av riktigheita av dei delar av søknadsgrunnlaget som inngår i dei avtala kontrollane. Vi oppsummerer vårt arbeid slik:

Kontroll av kostnader som fell utanfor ordninga:

1. Vi har retta førespurnader til leiinga/administrasjonen for Svelgen Samfunnshus om dei ved si vurdering av kva transaksjonar som er tekne med i søknadsgrunnlaget (transaksjonslista) har vurdert om kostnadene kjem inn under ordninga; jfr. unnataka som er nemnt i forskrifta § 7, 6. til 10. ledd.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

2. I hht forskrifta § 7, 7. ledd, har vi med utgangspunkt i transaksjonslista og ved bilagsgjennomgangen kontrollert at dei 30 største beløpsmessige transaksjonar vedkjem vedlikehald for bygg, anlegg og annan fast eigedom som etter Skattelova § 6-11 ville vore frådragsberettiga vedlikehald.
3. I hht forskrifta § 7, 8. ledd, har vi med utgangspunkt i transaksjonar som inngår i søknadsgrunnlaget (transaksjonslista) vedkomande kostnadsførte drifts- og vedlikehaldskostnader for bygg, anlegg og annan fast eigedom, særskilt kontrollert at dette ikkje er kostnader knytta til utleige, med unntak av utleige til aksjeselskap som er eigd av organisasjonen. Utvalde delar av grunnlagsmaterialet (transaksjonane) er kontrollert på stikkprøvebasis. Jamfør her vår påpeiking i siste del av første avsnitt ovanfor vedr. 'Ungdomsklubben' (beløp som er trekt ifrå).

Kontroll av kostnader som ikkje er kompensasjonsberettiga etter forskrifta § 18:

4. Vi har med utgangspunkt i søknadsgrunnlaget (transaksjonslista) for dei 20 største beløpsmessige transaksjonane kontrollert einskildståande bilag mot at meirverdiavgiftsbeløp som er teke med i søknadsgrunnlaget er korrekt og at transaksjonane ikkje
 - a) inngår i meirverdiavgiftspliktig verksemd der inngåande avgift kan trekkast ifrå
 - b) er kompensasjonsberettiga kostnader gjennom lov av 12. des. 2003, nr. 108, om kompensasjon av meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar, m.v.
 - c) er kostnader som nemnde i lov av 19. juni 2009, nr. 58, om meirverdiavgift, § 8-3, 1. ledd og § 8-4, 1. ledd; herunder bl.a. servering, leige av selskapslokaler i samband med servering og anskaffelsar, drift og vedlikehald av personkøytøy.
5. Vi har med utgangspunkt i søknadsgrunnlaget (transaksjonslista) på basis av stikkprøver for kring 20 transaksjonar kontrollert einskildbilag om at meirverdiavgiftsbeløp som er teke med i søknadsgrunnlaget er korrekt og at transaksjonane ikkje
 - a) inngår i meirverdiavgiftspliktig verksemd der inngåande avgift kan trekkast ifrå
 - b) er kompensasjonsberettiga kostnader gjennom lov av 12. des. 2003, nr. 108, om kompensasjon av meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar, m.v.
 - c) er kostnader som nemnde i lov av 19. juni 2009, nr. 58, om meirverdiavgift, § 8-3, 1. ledd og § 8-4, 1. ledd; herunder bl.a. servering, leige av selskapslokaler i samband med servering og anskaffelsar, drift og vedlikehald av personkøytøy.

Generelt:

6. Vi har kontrollsummert bruddsummane for meirverdiavgiftsbeløpa i transaksjonslista for høvesvis høg sats, mellomhøg sats og lav sats.

Vår oppsummering og samandrag:

Med omsyn til punkt 1 ovanfor har vi ved førespurnad konstatert at leinga/administrasjonen i Svelgen Samfunnshus, gjennom si utarbeiding og sin gjennomgang av søknadsgrunnlaget, har vurdert om det blir drive verksemd som fell utanfor ordninga. Det er vår vurdering av Svelgen Samfunnshus har vurdert og også forstått at dei kostnader som er tekne med i søknadsgrunnlaget er innafor kompensasjonsberettiga verksemd. Jamfør det som er bemerkta kring utleige til Ungdomsklubben, og det beløp som vi meiner skal fråtrekkast søknadsbeløpet.

Vi har elles ikkje funne feil og manglar for det som inngår under punkt 2 og 3. Når det gjeld punkt 4 så vil vi uttale at vi gjennom bilagskontroll har konstatert meirverdiavgiftsbeløp på bilaga og at kostnadene etter vår vurdering er kompensasjonsberettiga; jfr. dei avgrensingar som går fram av forskrifta § 18, bokstav a, b og c.

Når det gjeld punkt 5, så er dette ikkje aktuelt for Svelgen Samfunnshus, då organisasjonen ikkje er registrert i meirverdiavgiftsmanntalet. Så langt vi har kunne bringe i erfaring driv heller ikkje organisasjonen verksemd som er kompensasjonsberettinga etter lov av 12.12.2003, nr.108, om kompensasjon av mva for kommunar, fylkeskommunar, m.v.; punkt 5 fell også utanfor her.

Med omsyn til punkt 6 har vi konstatert at det er teke omsyn til bruddsummane for mva for høvesvis høg sats, mellomhøg sats. Det er ingen aktivitet/transaksjonar for sum etter lav sats.

Sidan dei ovanforståande kontrollhandlingar korkje utgjer revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gjev vi ikkje uttrykk for nokon sikkerheit for at søknaden om kompensasjon for meirverdiavgift ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til Dykk.

Vår rapport er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive i første og andre avsnitt i denne rapport og til Dykkar informasjon, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Rapporten vedkjem kun dei delar av søknadsgrunnlaget som er spesifisert ovanfor og omfattar ikkje søknaden som heilheit.

Originalbrevet vert sendt via Svelgen Samfunnshus, som også har fått kopi av denne rapport.

Florø den 24. august 2015
Kommunerevisjonen for Ytre Sogn og Sunnfjord,
KRYSS Revisjon


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 427, 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Sammendrag

Organisasjonsnummer	995378442
Navn	SVELGEN SAMFUNNSHUS
Adresse	Postboks 4 6721 SVELGEN
Kontaktperson	Björg Randi Didriksen
E-post	samfunnshuset@svelgen.no
Telefon	
Kontonummer	3776 03 19962
Innsender	Björg H. Didriksen
Innsender epost	samfunnshuset@svelgen.no
Innsender telefon	95982945

Er et sentralledd	Nei
Målgruppe	Forening
Antall aksjeselskaper	0

Totale driftskostnader	400 616		
Kompensasjonsgrunnlag 25% MVA	329 014	Beregnet MVA	68 622
Kompensasjonsgrunnlag 15% MVA	41 949	Beregnet MVA	5 367
Kompensasjonsgrunnlag 8% MVA	0	Beregnet MVA	0
		Søknadsbeløp før avkortning	73 989

Organisasjonens formål

Formålet med foreninga er å drive Svelgen Samfunnshus for at innbyggjarane i bygda skal ha eit hus med rom for møte, fest, kino, dans, teater, konsertar osv. Svelgen Samfunnshus har ikkje økonomisk fortjeneste som formål.

Hovedaktivitet for måloppnåelse

Huset blir disponert slik som styret finn det tenleg med omsyn til økonomiske forhold til huset og dei sosiale og kulturelle formål som huset skal gje plass til. Leiegevikåra blir fastsette av styret.

Antall lønnede årsverk 0

Beskrivelse av gratis arbeidsinnsats knyttet til organisasjonens aktiviteter

* Dagleg drift. * Vedlikehald. * Rekneskap. * Revisjon. * Div. arrangement.

Gaver, kontingenter o.l. som er gitt til organisasjonen uten krav om motytelse

* Gevinstar til basar o.l. arrangement. * Pengegave frå lag og organisasjonar, farforeingar, bedrifter. * Søker også støtte t.d. hos Sparebankstiftelsen, Bremanger kommune og andre stader vi kan søkje.

Antall frivillige 15 Antall frivillige årsverk 3

Antall betalende medlemmer 0

Vedleggstype	Fil
DivRegnskapBeretninger	Resultatrekneskap og Balanserekneskap 2014.pdf
DivRegnskapBeretninger	Revisjonsberetning Svelgen Samfunnshus 2014.pdf
DivRegnskapBeretninger	Årsmelding 2014.doc
Annet	2014 Berekna driftsutgifter i høve utleige til ungdom klubben.xlsx
Transaksjonsliste	Momskompensasjon 2015.xls

Svelgen Samfunnshus
Postboks 4
6721 SVELGEN

17.08.15

Lotteri og Stiftelsestilsynet
Postboks 800

6805 FØRDE

REDUKSJON I SØKNADSBELØPET

Ungdomsklubben er fast leigetakar p.g.a. det skal det trekkast ifrå kr. 715 på søknadsbeløpet som er ført på transaksjonslistene (kr 73.989).

Søknadsbeløpet etter fråtrekk er kr. 73.274.

Med vennleg helsing
Svelgen Samfunnshus

Björg H. Didriksen

Terje Førde

Fra: Terje Førde
Sendt: 24. august 2015 12:08
Til: 'Bjørge H. Didriksen'
Kopi: Trine Vokuhl
Emne: SV: momskompensasjons
Vedlegg: Revuttale 240815, søknad momskomp Lotteritilsynet Svelgen Samfunshus.pdf

Dato: 24.08.2015 Off:
Sak nr. 039/2015 Regnr.: 2
Arkiv: 216
Avd.kode: 1438
Sakshandsamar T.F.

Hei.
Vedlagt følger vår uttale kring søknaden om momskompensasjon for 2014.
Håper denne er tilstrekkeleg. Vi sender den i scanna form i pdf.format. Ønsker De den i papirform, må De gje melding om det hit snarast.

Ser av skjemaet «Transaksjonsliste oppsummering» at De ikkje har fylt ut namn, orgnr., kontonr, mv. Det må De hugse på å gjere før innsending til Lotteri- og Stiftelsestilsynet. I motsatt fall kan den falle ned-i-mellom pga formalfeil i søknadsgrunnlaget.

Elles OK, og ingen merknader frådet vi har sett på i Årsoppgjøret og no. Vi viser til ordlyden i vår uttale, som vi har adressert til Lotteri- og Stiftelsestilsynet.

Denne må De legge ved søknaden når De sender inn den.

Det hadde vore fint for oss, for komplettering av vårt arkiv på saka, at vi får gjenpart, gjerne pr. e-post hit, av dei dokument som følgjer med i søknaden for 2014.

Takka for samarbeidet kring denne særattestasjonen og håper søknaden kjem i posisjon og kan bli imøtekomen.

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Fra: Bjørge H. Didriksen [<mailto:Bjorg.H.Didriksen@bremanger.kommune.no>]

Sendt: 18. august 2015 23:11

Til: Terje Førde

Emne: momskompensasjons

Hei!

Vedlagt finn du dokument som blir sendt med momskompensasjonssøknaden.

Skriv du REVISJONSUTTAØE – SØKNAD OM MOMSKOMPENSASJON FOR MVAKOSTNADER?

Sender søknaden også til deg når den er klar

Mvh

Svelgen Samfunnshus

Bjørge H. Didriksen

Bjørge H. Didriksen

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 23.11.2015	Saksnr 035/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/460
---	-------------------------	-------------------------------

Opplæring av nytt kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.10.2015	Lysark til oppstartmøta i kontrollutvala hausten 2015 ved SEKOM-sekretariat	3429
26.10.2015	Presentasjon av Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)	3431
26.10.2015	Invitasjon til dagsseminar/kurs 25.1.2016: Tilsyn og kontroll i kommunal sektor	3428

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

...

Saksutgreiing:

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemane i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet. Revisjonsselskapet vert også invitert til å presentere sine oppgåver og tilsette.

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Den 25. januar 2016 arrangerer Sogn og Fjordane kommunerevisorforening opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Thon Hotel Jølster (Skei hotel). SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemane i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar. Det er også fint om varamedlemar i kontrollutvalet har høve til å delta.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen.

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemene.

På nettsida www.sekom.no finn du mellom anna alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Du finn kontrollutvalsboka, sentrale lover, forskrifter, retningslinjer, publikasjonar og nyttige lenkjer under menyen [«Til hjelp for kontrollutvala»](#).

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker. Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

Kontrollutvalet

2015 – 2019
Oppstartmøte



SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Målet i dag...

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
 - Bli kjende med kvarandre
 - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
 - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
 - Introduksjon frå revisor
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!



